

Praksisstudentar ved ditt bibliotek?

Dette er ein invitasjon til bibliotek som er interesserte i å få praksisstudent frå Bibliotekarutdanninga (bachelor- og årsstudium i bibliotek- og informasjonsvitskap) ved OsloMet og som ikkje regelmessig har det.

Kvart år tek me kontakt med bibliotek for å få praksisplass til studentane våre. Det å ta imot praksisstudentar er eit viktig arbeid som bidreg til ei god utdanning og i neste omgang gode bibliotekarar. Praksisen gjev mange studentar betre forståing for det dei lærer hos oss og hjelper dei å sjå heilskapen i korleis dei ulike fag og emne dei har på studiet heng saman.

Sidan utdanninga ligg i Oslo har mange studentar eit ønskje om å få praksisplass i eller nær Oslo. Av og har me kontakt med bibliotek lenger unna som også ønskjer praksisstudentar. Det kan vera nyttig i seg sjølv å få inn ein student eller to som har bruk for å læra litt om korleis bibliotekfaget heng saman i praksis, ofte stiller dei gode spørsmål. I tillegg synest me det er viktig at studentar kjem ut og får erfara at det er gode bibliotek rundt i heile landet. I neste omgang kan dei kanskje også få lyst å søka jobbar rundt i heile landet.

Me vil gjerne invitera bibliotek til nokre innspel me kan gje vidare til dei komande praksisstudentane våre, basert på lokale forhold.

- Har de planar om noko i perioden (fem veker i veke 6-11) som det kan vera nyttig for ein praksisstudent å vera med på? Det treng ikkje vera stort eller spesielt, meir eit signal om at de har meningsfulle oppgåver å tilby.
- Veit de om ein plass ein potensiell praksisstudent kan bu? Og gjerne rimeleg? For studentar som allereie betaler for å bu i Oslo kan dette vera til stor hjelp. Og det er lettare å ønska seg praksisplass ein ukjend stad dersom ein veit at ein får tak over hovudet.
- Kan to eller fleire bibliotek samarbeida? Til dømes kan praksisplassen ved eit folkebibliotek også gje innblikk i eit lokalt skulebibliotek? Igjen er dette eit signal om at de har meningsfulle oppgåver og meningsfull innsikt å tilby, det treng ikkje vera spektakulært. Studentane skal erfara vanleg arbeid i vanlege bibliotek.

Dersom dette gjeld for ditt bibliotek, send nokre ord til programansvarleg for bachelorgrden i bibliotek- og informasjonsvitskap, Marit Kristine Ådland, maritkr@oslomet.no, innan 30. september. Me vil samla tilbakemeldingane og gjera dei kjende for studentane før dei skal ønskja seg kva bibliotek dei vil ha praksis hos.

Studentane får praksisplassen tildelt basert på eigne ønskjer, på kva bibliotek som seier ja til å ta imot praktikantar, og på kor mange studentar som kvart år er kvalifisert til å ta praksis.

Institutt ABI, 7. september 2026, Marit Kristine Ådland